



Hindenes urtehage  
Inger Ø Jordal  
Hindenesvegen 830  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2678 - 14/7309

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
27.03.2014

## Fritak for innsending av søknad etter plan- og bygningslova § 20-3 1.ledd bokstav f - gbnr 21/6 Hindenes ytre

Viser til din førespurnad motteke 20.03.2014 vedkomande fritak for søknadsplikt for oppføring av veksthus på 17 m2.

Pbl § 20-3 1.ledd bokstav f gjev kommunen ein skjønsmessig adgang til å fritak tiltak frå søknadsplikt ut i frå ei konkret vurdering i den einskilde sak.

Tiltaket som er skildra gjeld oppføring av nytt veksthus på 17 m2, med ei mønehøgda på 2,8 meter. Dette veksthuset erstattar tidlegare veksthus på 24 m2, som no er øydelagt. Det nye veksthuset skal få ny plassering på eigedommen. Ny plassering er gjort av omsyn til enklare tilkomst, mindre sjenanse for naboar, meir sentral plassering i høve til urtehage m.m. Veksthuset er knytta til drifta på garden.

### **Vurdering:**

Tiltaket er eit mindre tiltak som skal plasserast på ein eigedom som i dag har einebustad og driftsbygning. Tiltaket erstattar tidlegare veksthus på eigedommen, og gir dermed ikkje auka bygningsmasse. Tiltaket er 2 m2 større enn tiltak som etter byggesakforskrifta § 4-1 1.ledd bokstav a er unntatt søknadsplikt. Mønehøgda for veksthuset er innanfor kravet til 3 meter mønehøgda. Tiltaket skal nyttast til drifta på garden. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med nabogrensar, og administrasjonen kan heller ikkje sjå at tiltaket medfører naboulempar.

Etter ei heilskapleg og konkret vurdering så meiner administrasjonen at det i denne saka er grunnlag for å gje fritak for søknadsplikt. Fritaket er gjort basert på innsendt materiale og teikningar motteke her 20.03.2014.

Avgjerda etter pbl § 20-3 1.ledd bokstav f er ei prosessleiande avgjerd som ikkje kan påklagast.

### **Føring i kart:**



Sjølv om det er gjeve fritak for søknadsplikt, så skal tiltaket førast inn i kart. Når tiltaket er oppført, må det sendast inn situasjonsplan som viser eksakt plassering. Veksthuset må påførast mål, og det må gå fram avstand frå veksthus til driftsbygning og avstand frå gjerde.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konstituert fagleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Hindenes urtehage

Hindenesvegen 5993  
830

OSTEREIDET